

D/S. "M A S F J O R D" U L U K K A 3. 2. 1944.

Eigen tone.

Eit sorgslør seg sveiper kring "Fjorden" i dag,  
um öyar og dalar og strender.  
Her råka vår heimbygd eit knusande slag:  
Ei öydande ulukka hender.  
Dei græt kring i heimar og grender.

Å "M A S F J O R D", kvi skulde det ganga Deg slik ?  
Kvi fekk Du so usal ein ende ?  
Du var då so kjend i kvar einaste vik.  
Men endå mot fjetlet lu rende - - - .  
Gjekk under, mdd kjære og kjende.

Me samlar oss kring denne ovdjupe grav,  
og foldar til bön våre hender.  
Me minnest dei kjære som her somna av,  
og dei som i saknaden stender - - .  
Gjev Gud til det besste det vender.

Å gjev han i kjærleik og nåde vil sjå  
til dei som no hardast er såra :  
foreldre og enkjar og farlause små ,  
og dei som på mor feller tåra - - - .  
Han eine kan gåta forklåra !

Det er frå vår Gud både varsel og kall.  
Det gjeld frønum alt vera vaken,  
og lata seg frelsa frå tjon og frå fall.  
Det gjeld setja ljuset i staken.  
Då vinn me vårt liv fer umaken .

Eit sorgslør seg sveiper kring jordlivet her.  
For "vitet" sitt utsyn det stengjer.  
Men trui he "anar" det vitet ei ser.  
I sunder ho sorgslöret flengjer,  
og inn i Guds meining seg trengjer.

Johs. M. L. Rydland.